



Birthe Milson Designconcepts As  
c/o Birthe Eriksen Milson Sivlevegen 35  
5704 Voss

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/5314 - 23/62959

Saksbehandlar:  
Mette Robertsen  
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:  
16.08.2023

## **Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 196/159 Midtgård**

Tiltak: garasje  
Byggjestad: Gbnr: 196/159  
Tiltakshavar: Ragnvald Myre Hosøy  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen syner til melding om tiltak utan søknadsplikt motteke 30.06.2023 og etterfylgjande førespurnad om komplettering av brev datert 14.07.2023.

Tiltaket skal oppførast i tettbygd strøk, og endring av terreng med meir enn 1,5 meter frå det opphavelige, er søknadspliktig.

Ved innsending av ny dokumentasjon, går det fram av snitt teikning at det terrenget skal endrast med inntil om lag 4 meter. Tiltaket er omfatta av byggesaks- bestemmelsene (pbl) § 20-1 bokstav k. (vesentleg terrenngrep).

Søknadspliktige tiltak med krav om ansvarlege føretak går fram av pbl § 20-3. Søknad, prosjektering, og oppføring av tiltak som nemnt i § 20-1, skal forestås av føretak med ansvarsrett etter pbl. kapittel 23.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgande:

1. Ansvarsrettar, og gjennomføringsplan.
2. Snitt teikning som syner det opphavelige terrenget også mot nabo gbnr 196/158.

Dersom De sjølv ynskjer å vere ansvarleg for ansvarsområda, må naudsynt kompetanse synleggjere at arbeidet godkjenninga gjeld, vil bli utført i samsvar med bestemmelsar gitt eller med heimel i plan og bygningslova (pbl). For å sannsynleggjere dette kan det for fagområda De eventuelt ikkje beherskar, vise til at desse settast bort til andre.

Her er lenke til søknad om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar, som i tilfelle kan nyttast:

[https://dibk.no/globalassets/blanketter\\_uffyllbare/alle-blanketter/5184n-soknad-om-personleg-ansvarsrett-som-sjolvbyggjar\\_2017.pdf](https://dibk.no/globalassets/blanketter_uffyllbare/alle-blanketter/5184n-soknad-om-personleg-ansvarsrett-som-sjolvbyggjar_2017.pdf)

Her er lenke til gjennomføringsplan:

[https://dibk.no/globalassets/blanketter\\_utfyllbare/alle-blanketter/5185n-gjennomforingsplan-2020.pdf](https://dibk.no/globalassets/blanketter_utfyllbare/alle-blanketter/5185n-gjennomforingsplan-2020.pdf)

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **27.09.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Mette Robertsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Ragnvald Myre Hosøy

Naustdalslia 11b

5915 HJELMÅS

### **Mottakarar:**

Birthe Milson Designconcepts As

c/o Birthe Eriksen Milson  
Sivlevegen 35

5704 Voss